

Skjema 47 Private rehabiliterings- og opptreningsinstitusjonar i spesialisthelsetenesta

Kontakt SSB: Spesialisthelsetjenesten@ssb.no

Korleis nyttar vi tala?

Data som vert samla inn i skjemaet vert nytta som grunnlag for [SSB Statistikk Spesialisthelsetjenesta](#) og [Statistikkbank tabellar](#). Her finn ein tabellar under tre hovudtema: 1) Reknskap, 2) Personell og 3) Aktivitetar og tjenester.

Hovudkjelde for 1) er funksjonsfordelte resultatrekneskap frå helseføretak (HF) og regionale helseføretak (RHF), utdrag frå resultatrekneskap for private institusjonar, kontantstraumoppstilling og balanserekneskap for HF og RHF.

Hovudkjelde for 2) er data rapportert på verksemdsnivå til A-ordninga. Dette vert supplert med rapportering frå regionale helseføretak av avtalar som er inngått med private avtalespesialistar.

Hovudkjelder for 3) er kapasitetsdata frå SSBs statistikkskjema som er supplert med aktivitetsdata som er rapportert til Norsk pasientregister (NPR).

Data som vert rapportert i skjemaet vert nytta i disse tabellen:

[Tabell 13942: Aktivitet, kapasitet og beleggsprosent i spesialisthelsetjenesten, etter tjenesteområde og helseforetak](#)

Data som vert samla inn sender vi til Helsedirektoratet – og vert nytta i deira Samdata-publikasjonar, sjå [Helsedirektoratet Rapportar Samdata spesialisthelsetjenesten](#)

Data som vert samla inn rapporterer vi til internasjonale organisasjonar: OECD, Eurostat, WHO, Nomesko.

Data som vert samla inn nyttar vi til forskning i SSB og andre forskingsinstitusjonar.

Skjemaet

Kven skal fylle ut kva?

- Private institusjonar innanfor (re)habilitering og opptrening som har avtale med regionale helseføretak (RHF).
- Om spesialistverksemd blir drive saman med ein alminneleg somatisk sjukeheim eller om den driver fleire andre aktivitetar/tenester, skal ein **berre gi data for den delen som er knytt til spesialisthelsetenesta** (dvs. innafor avtale med RHF).